

BACHELOROPPGÅVE

Kva verdier dominerar og stør opp om dagens friluftsliv i Noreg?
- Ein presentasjon av idear, verdier og politikk som gjev friluftsliv mening i dagens Noreg.

av

Kandidatnummer 204
Odd-Eivind Holo

Bachelor Sosiologi
Emnekode SO590
Mai 2011

Innhold

Innleiing	3
Friluftsliv i Noreg.....	5
Den norske friluftstradisjonen i historisk perspektiv:.....	5
Det splittande friluftslivet.....	8
Ei klassebasert forståing av natur og friluftsliv?	8
Statlege føringar for friluftsliv?	12
Friluftslivets ulike funksjonar.....	15
Friluftsliv som fellesskap.	17
Friluftsliv som ei kulturell tilbakekoblingsmekanisme.	19
Kort drøfting av Giddens og Bourdieu's teoriar.	22
Oppsummering og avslutning.	23
Litteratur:.....	25
Nettressursar:	26
Sjølvsvalt pensum:	27

Innleiing

Kva verdiar dominerar og stør opp om dagens friluftsliv i Noreg?

- Ein presentasjon av idear, verdiar og politikk som gjev friluftsliv meining i dagens Noreg.

I 1973 skreiv friluftspioneren Nils Faarlund ein artikkel i magasinet *Mestre Fjellet*, nr.15 (naturliv.no) om kva rolle friluftslivet hadde i Noreg *då*. Faarlund etterlyste ei klar avgrensing av omgrepet friluftsliv, då det var blitt svært mange ulike grupper i samfunnet som hevda sin rett til å kalle det dei dreiv med for «friluftsliv». Både turismen, helsesektoren, skule og utdanningsinstitusjonane, media med reportasjer og program, og ikkje minst «mannen i gata» med sine ulike friluftslivsaktivitetar. Alle desse dreiv ikkje med den same forma for friluftsliv, så kunne då alle seie at dei dreiv med *friluftsliv*?

Idag, 2011, kan ein påstå at ein er friluftslivsinteressert om ein går i merkekle frå friluftskleprodusentar, kjører snøscooter ut i vinterfjellet, eller om ein ser på tv-program som 71°Nord eller Farmen. I følge Stortingsmelding 39 om friluftsliv (regjeringen.no) er det lite av dette som fell inn under deira friluftslivsdefinisjon då friluftsliv skal ha lite preg av organisert konkurranse, få negative miljøkonsekvensar og ikkje krevje store private investeringar. Det er då eit paradoks at det ovanfor-nemnte er blitt ein så sentral del av friluftslivet for mange. Friluftsliv anno 2011 er så mykje meir enn overskotsliv i naturen, som Nils Faarlund ofte definerar det. Derfor vil eg med denne oppgåva delvis ta opp igjen tråden frå Faarlund og vise at friluftsliv-omgrepet framleis skapar mange meiningar.

Kva motivasjon og bakgrunn har så *eg* for å skrive ei bacheloroppgåve i sosiologi om friluftsliv? Frå tidlegare har eg fullført ein bachelor i friluftsliv, noko som har gitt meg både ein praktisk og akademisk tilnærming til temaet. Sjølv om mine interesser som privatperson i denne situasjonen kan vere mine begrensningar som sosiolog trur eg likevel eg har klart å lausrive meg frå friluftsliv og klart og sett på fenomenet frå ein nøytral ståstad. Slik eg ser det har problemstillinga stor sosiologisk relevans; Friluftsliv vert via mykje tid, pengar og ressursar av både private og det offentlege og står derfor for store verdiar i Noreg. Friluftsliv er ein arena kor

kultur møter natur, og *det* legg grunnlaget for ei tverrfagleg oppgåve med sosiologi og friluftsliv som arbeidsfelt.

I oppgåva vil eg gå gjennom sentrale delar av den norske friluftshistoria for å vise at klasseskilje i samfunnet har vore viktig i oppbygginga av det norske friluftslivet slik det framstår i dag. Eg deler så oppgåva i to større delar kor eg fyrst peiker på faktorar som kan gjere til at friluftsliv vert eit *splittande fenomen*: Det viser seg at det som splittar som oftast er ulike verdigrunnlag som ei følge av ulik klassesetilhøyre. Kva idear, verdiar og politikk som blir kjempa for og definert som verdifullt innanfor friluftslivet vil dermed vere eit resultat av kulturell kapital og sosialt tilhøyre. Her vil eg gje ei kort innføring i Bourdieu sine omgrep om *kapital*, *felt* og *habitus*, samt forklare korleis *arbeidar-* og *middelklasse-*verdiar kan slå ulikt ut i forståinga av friluftsliv. Eg vil også peike på korleis styringsmaktene kan gje føringar for utøving av friluftsliv gjennom til dels stortingsmelding som omhandlar friluftsliv og læreplanverk kor friluftsliv er ein sentral del. Til sist i denne delen vil eg vise til Bjørn Tordsson sine 4 stikkord for friluftslivets funksjonar for å vise korleis desse kan virke splittande. I neste del viser eg korleis friluftsliv kan vere eit *felleskaps-fenomen*: Idèen om at friluftsliv er noko samlande i Noreg bunnar ut i dei felles verdiane og oppfatninga om at naturen er noko *opprinneleg* som vi alle har bruk for; derfor friluftsliv. I den samanheng vil eg vise korleis friluftsliv kan være ei *kulturell tilbakekoblingsmekanisme*. Omgrepet *tilbakekobling* kjem dels frå Anthony Giddens (1990) og dels frå Thomas Hylland Eriksen (2008) og tar for seg måten vi i dagens moderne samfunn stundom kjenner eit behov for å styrke eller gjenskape lokale grunnlag for politikk, personleg identitet eller lokalt produserte produkt som gjev ein smak av det kjente og tradisjonelle. Dette som ei motvekt mot alt som er verdsomspennande og globalt, og som dermed ofte er *frakobla*. Her vil eg også vise kva som kjenneteiknar dagens samfunn slik at ein kan sjå kor friluftslivet har si rolle i dette. Gjennom store delar av oppgåva vil ein kunne sjå at klasseskilje i samfunnet framleis har noko å seie for utøvinga av friluftsliv i Noreg. Etter dette vil eg kort drøfte Giddens *strukturasteori* opp mot Bourdieu sine omgrep *habitus* og *kapital* som relevant for val av friluftsliv-tilnærming, før eg avsluttar heile oppgåva med ei oppsummering kor eg samlar trådane og svarar konkret på problemstillinga.

Friluftsliv i Noreg.

Omgrepet *friluftsliv* vert nytta i fleire samanhengar med ulik meiningsgjeving. Det er derfor vanskeleg å gje ein klar definisjon av kva friluftsliv *er*. Friluftslivet slik vi nordmenn ser på det er dermed kulturelt, og kanskje også, subjektivt betinga og må gjevast meining ut frå kvar enkelt sine preferansar om utandørsaktivitetar. Til dømes vil ein som bur i det urbane Oslo kunne støtte seg på Nils Faarlund sin definisjon om at «*friluftsliv er overskuddsliv i naturen*» når han fyrer eit bål i oslo-marka, medan ein same verken har- eller har bruk for eit omgrep for akkurat dette.

Den norske friluftstradisjonen i historisk perspektiv:

Gunnar Breivik, professor i samfunnsvitskaplege fag ved NIH, skriv i ein artikkel frå 1979 om to tradisjonar innan norsk friluftsliv; *landsbygdas- og byens friluftsliv*. Landsbygdas friluftsliv er utvikla gjennom den norske jeger- og bondekulturen, medan byens friluftsliv er av ein nyare dato og knytt opp mot livet blant det urbane. Der landsbygdas friluftsliv har vore basert på *nyttan* av å reise ut i naturen har byens friluftsliv vore tufta på den rake motsetningen; den formålsause vandring og utforskartrangen. Ut frå desse to modellane vil ein kunne sjå trekk av friluftsliv som både eit samlande og splittande fenomen.

Friluftsliv som fenomen i Noreg oppstod delvis med påverknad av den engelske overklassekulturen. England var fyrst ute med industrialiseringa og med dette kom også overklassen med peng og fritid. Eit yrande og forureinande liv i storbyen gjorde til at lordane og overklassa søkte ut igjen i naturen. Det blei sett på som sofistisert og kunne drive med «*outdoor life*», både som spaseretur, biltur, riding, jakt eller fiske. På tidleg 1800-tal byrja engelskmennene å utvide sin «*playground*» til andre europeiske land, og då også den norske fjellheimen; «*The Nordic Playground*». Her blei mange fjellbønder opplært som førarar for dei engelske oppdagarane. Samtidig med, og kanskje før, den engelske overklassa sitt inntog i den norske fjellheimen var norske kunstnarar begynt å trekke ut i naturen for inspirasjon. I tillegg til desse har også naturvitenskapsmenn satt sine bein i den norske villmarka på eit tidleg tidspunkt, grepe av oppdagartrang og romantikkens naturbegeistring. Seinare på 1800-talet, meir presist i 1868 blei den Norske Turistforening (DNT) oppretta i det formål «*at lette og utvikle Turistlivet her i Landet*» (turistforeningen.no). DNT blei oppretta av to offiserar i forsvaret, noko som er karakteristisk for tida og den norske kulturen; nemleg at det ofte var høgtstående og offiserar som

nytta naturen til oppdaging og rekreasjon. Gjengs er det at friluftsutviklinga skjer på bykulturens premisser i landsbygdas bakgård. Bøndene på bygda har kjennskapen og kunnskapen, men bykulturen har interessa og viljen (Breivik 1979; 4-5).

Livet i Noreg har gjennom årtusener vore basert på jakt-, fiske- og sankekultur i pakt med naturen. Det er fyrst under industrialiseringa at vi får ein eigen *bykultur* separert frå den tradisjonelle norske kulturen. Til tross for den fleire tusen år gamle naturliv-tradisjonen samfunnet i Noreg er bygd opp av er det likevel den engelske friluftslivstradisjonen som er med og trekker nordmenn ut igjen i naturen. Frå å vere eit jegersamunn med jakt som hovudnæring blir Noreg eit jordbrukssamfunn der jakt og fiske kjem som attåtning. Noreg er også berika med eit *seterliv* kor ein nærleik og kjærleik til dyr, natur og medmennesker veks fram. Her veks også folkefantasia fram gjennom tussar, troll og det underjordiske. Setra var ein utpost i naturen som seinare er vorten ein modell for det enkle hyttelivet. Naturen har gjennom historia gått frå å vere eit ugjestmildt område tett innpå tilværa med mykje å frykte, til å bli eit område langt vekke som vi ser på med kjærleik og lengsel (Breivik 1979).

Friluftslivet går gjennom ein enorm vekst gjennom heile 1900-talet. Frå å vere ein aktivitet førehalde adelen, blir det heile satt i system gjennom ulike lag og foreiningar som tar til seg friluftslivet. Turistforeiningen får fleire lokal-lag og blir allment, og Tindeklubben blir ei spesialforeining for få utvalde. I tillegg har vi foreiningar som KFUM/KFUK-Speidern og 4H som har som formål å danne ungdommen til sunne og fornuftige medmennesker (Tordsson 2010). På tidleg 1900-tal blir friluftslivet satt i ei større ramme gjennom ekspedisjonane til Nansen, Amundsen og Ingstad. Hytter, bilar og merkte stigar blir ein del av friluftslivet i 20-30 åra (Breivik 1979). Under krigen får folket ei auka naturkjensla gjennom «*gutta på skauen*» og andre som flyktar frå tyskarane og ut i naturen. Fjellet og naturen framstår på denne måten som symbol på fridom og som *allierte* (Tordsson 2002). På 50- og 60-talet byggast landet med drastiske inngrep i naturressursane, noko som på den tida blei sett på som vakkert og imponerande, men som i vår samtid skaper enorme nasjonale diskusjonar. I 1957 kom «Lov om friluftslivet» som bl.a lovfestar allemannsretten og gjer friluftsliv til eit offentleg ansvarsområde (Aas m.fl 2001), og i 1959 kom lov om 45-timers arbeidsveke som gjorde til at arbeidarane *også* fekk ein fridag. Mange arbeidarar valde då å nytte helga utandørs. Naturen blei slik ei frigjerung

frå byens klassesamfunn og kapitalistens undertrykking (Tordsson 2002). På 1970-80-talet får vi ei standardisering av friluftslivet gjennom utstyrs-utvikling og fleire merkde stigar, samt ei institusjonalisering av friluftslivet gjennom nasjonalparkar, friluftsliv inn i skulen og som eiga høgskulefag. Blant anna stiftar Nils Faarlund Høgfjellskolen i Hemsedal (Breivik 1979). 1990-talet og 2000-talet så langt er karakterisert av stadig aktivitets-, og utstyrsutvikling, samt *pushing* av grenser for å sjå kor langt mennesket kan takle naturen. Tv-program som 71°Nord og Oppdrag Sognefjorden er begge program som på kvar sin side viser menneske i utfolding med og mot naturen. Friluftsliv er vorte eit image og ein trend som mange vil vere ein del av (Odden 2008).

Det splittande friluftslivet.

Som vi kan lese av friluftshistoria har friluftslivet heilt frå sin ”spede barndom” hatt ein splittande funksjon då det har vore med på og markert eit skilje mellom adel og bonde. Bøndene har naturen som ein bustad og har i størst grad eit nytteprega forhold til han, medan adelen har naturen som ei leikegrind og eit rekreasjonsområde. Dette viser verdi-skiller som har gjort friluftslivet til eit splittande fenomen for menneske frå ulike klasser. Mange av dei same verdiane og ideane om kva naturen og friluftslivet skal vere ser vi også i dag. Vi ser at preferansar ein får gjennom arv og miljø er med på å legge føringar for kva form for friluftsliv ein vel, og ikkje minst om friluftsliv blir eit tema i det heile.

Ei klassebasert forståing av natur og friluftsliv?

Eg vil tru at klasseskilnader i samfunnet kan vere ein viktig årsak til at friluftsliv framleis *kan* framstå som eit splittande fenomen. I høve klasse-tematikken vil eg ta for meg korleis *habitus* og *kulturell-* og *økonomisk kapital* kan vere med å påverke val av friluftsliv. Sjølve teorien om eit klassesdelt samfunn blei fyrst presentert av Karl Marx men vidareført av bl.a Bourdieu. Pierre Bourdieu ser på klassene som fiktive klasser, ikkje som reelle grupperingar i samfunnet slik som Marx gjorde (Martinussen 2001). Bourdieu nyttar så omgrepa *kulturell-* og *økonomisk kapital* for å skilje dei ulike klassane. Kulturell kapital blir bestemt ut frå mengde utdanning og kjennskap til kultur. Økonomisk kapital blir bestemt ut frå det reint objektive; kor mykje pengar og verdiar ein eig. Den totale mengde kulturell- og økonomisk kapital definerer kvar einiskilds plass i det *sosiale rommet* og dermed kva klasse ein høyrer til. *Habitus* er ein kroppsleggjering av omgjevnadene ein veks opp i og blir danna i. Gjennom vår *habitus* skapast eit persepsjons- og tolkningssett, samt preferansar som gir oss ei formeining av kva som er *godt, sant* og *vakkert* innanfor eit *felt*. Eit *felt* er dei sosiale arenaene ein praksis utspeler seg på. Kvart *felt* har *agentar* som kjemper om sosial innflytelse og kapital. Eit *felt* baserar seg på eit *doxa* som er det agentane er einige om at er viktig og verdifullt for *feltet*. Innanfor kvart *felt* foregår det likevel til ein kvar tid ein kamp om å definere kriterier for kva som er *godt, sant* og *vakkert*. Dei som til sjuande og sist definerer dette vil få dei høgste sosiale posisjonane innanfor *feltet* (Bourdieu 1995). Eksempelvis kan friluftsliv vere eit *felt*, kor *doxa*'et er at natur er sunt for sjela; derfor nyttar vi friluftsliv. Definisjonskampen i friluftsliv kan tidvis vere det å definere inn kva som skal vere friluftsliv; fiske, klatring, snøscootertur på vidda, osb. Dei agentane som sit med definisjonsmakta kan, blant fleire, vere

departementet som kjem med styringsdokument og stortingsmeldingar med friluftsf-definisjonar, eller friluftsf-magasina som *pushar* idèane om eit action-fyllt friluftsliv. Likevel vil det alltid vere fraksjonar innanfor eit felt, og dei med like verdisett finn saman og forsøker å redefinere kva som skal vere godt, sant og vakkert.

Fleire gonger i oppgåva vil det bli referert til omgrepa arbeidarklasse og middelklasse, dette for å vise at det er ei splitting i verdiar og idèar om friluftslivet basert på sosial status: Bourdieu (1995) viser i sin litteratur til eit «sosialt rom» kor ei arbeidarklasse og ei middelklasse definerast ut frå deira ressursar innan kulturell og økonomisk kapital. Den totale summen av dette definerar deira plass i «det sosiale romet». I dagens Noreg er det vanskeleg å konkret seie om nokon er arbeidarklasse eller middelklasse. Der ein som før i tida jobba på fabrikk var utan utdanning, kan ein med tilsvarende jobb idag vere ein høgtutdanna ingeniør. Tida forandrar seg og dermed også definisjonen på klassane. Kor vidt ein befinn seg i dei ulike klassene definerast derfor ut frå akkumulert kulturell og økonomisk kapital samt yrkesval. F.eks vil ein med lite utdanning (maks fullført vidaregåande) med eit manuelt eller lågt betalt yrke vere arbeidarklasse. Middelklassa delast inn i ei *kulturell* middelklasse som definerast ut frå deira lange utdanning som ofte leiår til eit «fritt yrke», samt ei *økonomisk* middelklasse som definerast ut frå deira høge økonomiske kapital og høgtlønna yrker. Vidare blir det nemnt at alle aktørar i ein bestemt samfunnsformasjon har eit *felles* grunnleggande sett for persepsjon, noko som vil vere med å skape sosiale markørar. Evna til å bedømme det estetisk er ein typisk slik markør hjå Bourdieu. Eksempelvis vil ein arbeidar bedømme eit bra møbel på bakgrunn av dens *funksjonalitet*, medan ein frå middelklassa vil bedømme eit møbel ut frå dens *estetiske* utforming eller dyre pris. Det som arbeidarklassa ser på som sin kultur ser middelklassa på som folkeleg, vulgært, middelmådig eller banalt. Den andre vegen vil arbeidarklassa sjå på middelklassa sin kultur som snobbete, intellektuell eller overdådig. Alt dette kroppsleggjerast og visast i alt frå korleis ein persons framtoning er, korleis ein pratar og sist men ikkje minst ein persons vurdering av det sanne, det vakre og det gode (Bourdieu 1995).

Desse forskjellane mellom arbeidarklasse og middelklassa vil også forplante seg i deira verdiar, haldningar og idèar om natur og friluftsliv: Odden (2008) meiner at som følge av eit manuelt arbeid vil arbeidarane ha eit meir nytteprega forhold til friluftsliv, og dermed ha ein tendens til å

velje jakt, fiske og sanking framfor turar med det kontemplative og estetiske i fokus. Når det gjeld friluftsutstyr vil dette kunne vise seg i ei funksjonell tilnærming til utstyret. Den kulturelle middelklassa vil legge større vekt på det kulturelle ved naturen og friluftslivet, dei fine opplevingane, oppdaginga av nye områder og det estetisk vakre ved alt som rører seg i naturen. Den kulturelle middelklassa vil også ha eit nøkternt forhold til det materielle, gjennom enkle hytter, enkelt og tradisjonelt utstyr som ikkje stel fokuset frå naturopplevinga. Slik sett identifiserar dei seg med det som tidlegare var bygdas friluftsliv; eit nøkternt liv på setra i harmoni med natur og dyr. Den økonomiske middelklassa vil kunne bruke sin økonomi til å skaffe seg ein distinksjonsmessig markør ovanfor dei andre. Dette kan til dømes vise seg i store prangande hytter, dyrt og up-to-date friluftsutstyr, eller eit forbruksorientert forhold til opplevingar kor «alt» kan kjøpast for pengar. På denne måten blir den økonomiske middelklassa ein motpol mot den kulturelle middelklassa. Ein kan også her trekke parallellar bakover i tid og samanlikne den økonomiske middelklassa med den rike adelen og borgarskapet frå byane som også skapte eit distinksjonsmessig skille mellom seg sjølv og arbeidarane. Desse illustrasjonane er riktig nok satt litt på spissen for å vise ytterpunktene, og det vil sjølvsagt finnes nyansar innanfor dei ulike klassene.

Førsteamanuensis innan friluftsfag ved Høgskulen i Telemark, Alf Odden, viser i sin doktorgradsavhandling om norsk friluftsliv at det er ein tendens til aukande skilnader når det gjeld friluftslivs-deltaking blant ulike klasser i samfunnet (Odden 2008). I masteroppgåva «*Sosiologi og klasse*» (Sjøløkken 2010) blei det peikt på ulik deltaking innanfor friluftslivs-aktivitetar blant ungdomskule-elevar i Oslo. Her var klassesilhøyre og habitus ein viktig variabel for kor vidt deltaking tok stad, og det viste seg at jo meir kulturell kapital elevens foreldre hadde, jo større var sjansen for at eleven dreiv friluftslivs-aktivitetar som ski-tur, vandreturar og basis-friluftsliv. Samtidig viste det at elevar med foreldre i den økonomiske middelklassa oftare var å finne i friluftslivs-aktivitetar som krev investering av dyrt utstyr. Det er dermed eit poeng at friluftslivsdeltaking på denne måten blir ein markør for kor god råd foreldra har, og dermed er med å setje eit økonomisk og distinksjonsmessig skilje mellom rik og fattig. Dette var riktig nok eit studie utført på ungdom i Oslo, og kan ikkje utan vidare sjåast på som representativt for Noreg generelt. I meir landlege områder kan nok tilgangen på natur spele inn sterkare på friluftslivsdeltakinga enn kulturell og økonomisk kapital. Folk som har vakse opp på bygda vil truleg

ha ein annan habitus enn folk som veks opp i byen, og tilnærminga til bruk av natur vil dermed vere forskjellig. Likevel meiner Odden (2008) at ungdommen *nesten* uavhengig av økonomisk kapital søker etter nye og trendy aktivitetar. Eg vil tru dette kan vere for å nytte aktivitetens trender og konnotasjonar som sosial markør ovanfor *dei andre*.

Eit økonomisk og distinksjonsmessig skilje finn vi også i bruken av natur som rekreasjons-arena: Som eit resultat av dagens helsepolitikk og fedme-forebygging kan ein tidvis fundere over om rekreasjons-aspektet ved friluftslivet forvittrar til fordel for friluftsliv-aktivitetar med rein helsegevinst? Eg trur dette kan ha med klasseskilje å gjere: Kan det tenkast at middelklassa er meir helsebevisste enn det arbeidarklassa er, og dermed ser naturen som ein gyllen arena for helsegevinst? Både Bourdieu (1995) og Odden (2008) fortel at nye ressurskrevjande fenomen som regel blir skapt av middelklassa, og at arbeidarklassa som oftast også vil forsøke og ta desse *distingverte* fenomen til seg i etterkant. Når så arbeidarklassa har tatt fenomenet til seg vil middelklassa sjå på fenomenet som banalt og vulgært og dermed finne nye fenomen. På sett og vis kan trening i naturen vere eit slikt fenomen. Nyare forskning tyder på at middelklassa er flinkare til å trene enn det arbeidarklassa er (Sosial og Helsedirektoratet 2005; 18), og dersom arbeidarklassa skal trene blir det ofte i form av vekt-trening og pumping i styrkerom. På grunn av denne *tregheten* i tillegning av fenomen kan det godt vere at rekreasjons-aspektet ved friluftsliv, som historisk har vore førehalde middelklassa no er blitt «folkeleg» og dermed også nådd arbeidarklassa, medan friluftsliv som helsegevinst framleis er eit middelklasse-fenomen. Eksempel på dette kan vi trekkje frå avisa Dagens Næringsliv som på mange måtar kan sjåast på som ei avis for «eliten»: Her er det jamleg reportasjar om korleis ein skal kome i form til f.eks Skarverennet, Birken, eller kor ein kan få gått flest mogleg 2000-meter toppar på kortast mogleg tid. Dette er altså aktivitetar i friluft som krev ein viss fysisk form, og kor ikkje rekreasjons-biten eller det kontemplative ved naturen er det viktigaste. Dette samsvarar godt med den norske friluftslivshistoria slik eg har skissert det gjennom Breivik (1979): Friluftslivet oppstod som eit fenomen for den kulturelle eliten og middelklassa, medan arbeidarane og bøndene har tatt det til seg i ettertid når strukturane i samfunnet har tillete det i form av meir fritid eller betre økonomi. Slik vi kan sjå friluftslivet i dag er det framleis to «tradisjonar», men ein kan ikkje lenger skilje så sterkt mellom *byens* og *bygdas* friluftsliv. Vi har i større grad fått ei middelklasse også på bygdene, og *det* som argument for at byen skal ha eit anna type friluftsliv er dermed mindre

relevant. Odden (2008) skriv at det som før blei sett på som motsetning mellom by og bygd no heller kan sjåast på som motsetningar mellom arbeidarar og akademikarar. Slik *eg* ser det har vi i dag *to* hovudretningar av friluftsliv: På den eine sida har vi det tradisjonelle enkle friluftslivet, den typiske «vandre-i-fjellet-med-telt-og-fiskestang» for turen og rekreasjonen sin del. Odden (2008) meiner at arbeidarar og bønder med manuelle yrker oftare fell under denne kategorien på grunn av at dei med sine kulturelle preferansar og habitus føretrekk eit praktisk og nytteprega friluftsliv. Dette fell godt saman med det vi kjenner frå historia der bønder sjeldan gjekk i fjellet med mindre dei kunne dra nytte av turen (Breivik 1979). På den andre sida har vi dei nye friluftsliv-aktivitetane kor sjølv aktiviteten står i hovudfokus. Sjølv om naturen er ein føresetnad for at aktiviteten kan finne stad blir ho likevel i større grad redusert til ei kulisser. Eksempelvis er hovud-fokuset for ein klatrar å *klatre* ei utfordrande linje. Om dette skjer på eit bolta crag i Lofoten eller i Sogndal er i mindre grad relevant då det er klatringa som *aktivitet* som er i fokus (Odden 2008). Ifølge Odden (2008) er det i størst grad samfunnets «elite» som driv med sistnemnte aktivitetar, og det er då desse som får gehør for at det dei driv med er det «skikkelige friluftsliv». Aktivitetane det her er snakk om er ofte aktivitetar som krev mykje erfaring, relativt høgt dugleiks-nivå, og mange harde anstrengingar. Det er desse som blir via mest tid til i media, og det blir dermed desse som ut ad blir *eksempelet* på friluftsliv. På den andre sida har vi det som «folk-flest» utøver, nemleg låg-terskel aktivitetar som ein roleg tur i nærområdet e.l (Odden 2008). Paradoksalt nok er det som «folk-flest» driv med av friluftsliv-aktivitetar ikkje det same som «folk-flest» forbind med friluftsliv. Kultur *har* dermed mykje å seie for bruken av natur.

Statlege føringar for friluftsliv?

I Noreg blir natur og friluftsliv regulert og delvis styrt av Direktoratet for Naturforvaltning, underlagt Miljøverndepartement. Friluftslivet sit djupt i den norske "folkesjela" (Witoszek 1998) og blir derfor via mykje peng og ressursar. Innanfor *feltet* friluftsliv er styringsmaktene ein av mange *agentar* som forsøker å få definisjonsmakta. Direktoratet og departementet deler ut stønad, lagar definisjonar og reguleringar som skal råde og har dermed relativt stor moglegheit for å påverke det norske friluftslivet. Men i kva grad er styringsmakta med å styrer *Ola og Kari Nordmann* sitt forhold til friluftsliv og kva verdiar som *faktisk* blir rådande? Eg vil no peike på to viktige dokument som *kan* vere med å påverke nordmenn sitt forhold til friluftsliv:

- Kunnskapsløftet (LK06) er pr. no den gjeldande læreplanen for grunnskule og vidaregåande

opplæring. Ho legg føringar for kva som skal vektleggast av kunnskap og verdiar og kva som skal vere overordna mål for all undervisning. Den Generelle delen i Kunnskapsløftet er delt inn i ulike avsnitt som kvar skal vere med å «forme» elevane til heilskaplege og integrert menneske.

Natur og friluftsliv blir nemnt spesifikt to gonger:

«Mennesket er ein del av naturen, og gjer stadig val med konsekvensar ikkje berre for eiga velferd, men også for andre folk og for naturmiljøet. Vala har konsekvensar på tvers av landegrensar og over generasjonar: Livsstil påverkar helse; vårt lands forbruk er årsak til ureining i andre land; vår tids avfall blir problem for neste slektledd.»

(LK06: 19)

«Samtidig må opplæringa fremje gleda over fysisk aktivitet og naturens stordom, over å leve i eit vakkert land, over linjer i landskap og veksling i årstider. Og ho bør gjere ein audmjuk andsynes det uforklarlege, glad over friluftsliv, nøre hugen til å ferdast utanfor oppstukne vegar, til å bruke kropp og sansar for å oppdage nye stader og til å utforske omverda. Friluftsliv rører både kropp, sinn og tanke. Fostringa må leggje vekt på samanhengen mellom naturforståing og naturoppleving (...) og gleda over naturliv.»

(LK06: 20)

Det blir her lagt vekt på den kontemplative delen av friluftsliv og naturbruk, og at vi skal gjere oss kjent med naturen og samspelet mellom natur og menneske. Naturen står i fokus, og det blir lagt vekt på at elevane skal lære å nytte naturen på bakgrunn av eigenverdien i naturen, ikkje grunna helse-førebygging eller rehabilitering. Det står og at opplæringa skal fremje gleda over fysisk aktivitet, men dette treng *ikkje* forståast som at ein skal slite seg ut på tur eller nytte naturen som ein gymsal. Om ein trekk parallellar bakover i tid vil ein kunne finne at dette handlar om både byen- og bygda sitt friluftsliv. Bygda står for samspelet mellom natur og menneske gjennom bønder og jegerar, medan byens friluftsliv står for oppdagartrangen, naturforståinga og hugen til å ferdast der ingen andre har gått før. Som vist tidlegare er det skilnad mellom arbeidarklasse og middelklassa sitt friluftsliv. Det som her blir vektlagt av verdiar kan på mange måtar sjåast på som middelklasse-verdiar. Opplæringa skal gjere eleven bevisst på kjensler og tankar rundt natur, ein skal ha naturforståing og kjennskap til samspel i naturen, samt at ein skal nøre hugen til å bruke kropp og sansar slik at ein kan oppdage nye stader og utforske omverda. Dette impliserar ein større bruk av naturen enn den typiske nytte-forholdet som eg tidlegare har vist at arbeidarklassa kan ha til naturen.

Så kan ein spørje seg om det elevane lærer gjennom opplæringa sett spor og blir rådande verdsett for friluftsliv? Med tanke på at LK06 ikkje har virka i meir enn 5 år er det nok for tidleg å sjå om

det har hatt nokon verknad på ungdommens naturglede og friluftsmønster. I følge Odden (2008) er det likevel mykje som tyder på at ungdom generelt har ein tendens til å utforske og ta til seg nye friluftslivs-aktivitetar, noko som kan sjåast på som ei oppdagartrang og utforsking av omverda. Sjøløkken (2010) viser her at dette i størst grad dreier seg om ungdom frå ressurssterke familiar.

- Stortingsmelding 39. (2000-2001) *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet* (regjeringen.no) tar blant anna for seg ein definisjon av friluftsliv, strategiske mål samt nasjonale resultatmål. Stortingsmeldinga definerar friluftsliv som «*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*». Det overordna strategiske målet for friluftsliv er at «*Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og naturen elles*». Av tittelen på stortingsmeldinga kjem det fram at friluftsliv er ein veg til høgare livskvalitet, og gjennom store delar av meldinga er dette eit tema. Stortingsmeldinga viser blant anna til forskning som seier at folk flest nyttar naturen som ei motvekt mot det urbane og for å få *fred og ro*. Meldinga seier også at friluftsliv i åra som kjem skal fortsetje å vere ei viktig brikke for å blant anna gje befolkninga gode opplevingar, meistringsorienterte og spenningsgjevande aktivitetar, samt naturområder for helsebringande aktivitetar uansett sosialt og geografisk tilhøyre i samfunnet. Meldinga til Stortinget er på ingen måte noko formanande dokument i den forstand at det seier at *slik og slik* skal friluftsliv utførast, og at *desse og desse* aktivitetane er meir verdifulle enn andre, men viser heller til at nær sagt all aktivitet i friluft er positivt så lenge det ikkje har negative konsekvensar for miljø eller individ. Likevel, som det går fram av tittelen på Stortingsmeldinga blir det i hovudsak lagt vekt på at friluftsliv *er* ein veg til ein høgare livskvalitet, og *det* er ein viktig faktor for at friluftsliv skal oppretthaldast og viast ressursar av styresmaktene.

På spørsmål om kor vidt styresmaktene og Stortingsmeldinga er med på å legge føringar for Ola og Kari Nordmann sitt forhold til friluftsliv vil det vere relevant å trekkje fram at styringsmakta er a) viktige i tilrettelegginga for friluftsliv ved til dømes å verne sentrale friluftsområder. Utan desse områdene er delar av nordmenn sitt grunnlag for friluftsliv borte. b) Styringsmakta er også viktige i den forstand at dei driv informativ verksemd og sett fokus på kva friluftsliv *kan* vere. Det at friluftsliv er ein veg til høgare livskvalitet er ikkje gitt at alle i samfunnet veit om. Styringsmakta kan dermed sjåast på som viktige ved tilrettelegging og informasjonsspreiing. Dei

føringane og verdiane som styringsmaktene legg opp til går dermed på dei meir fundamentale verdiane innanfor norsk friluftsliv, og svært lite på konkrete aktivitetar. Eg vil tru desse er viktige for å i det heile tatt oppretthalde friluftsliv som eit felles norsk fenomen, og at desse heller vil vere med å *samle* folket enn å splitte det kva friluftsliv-verdiar anngår.

Friluftslivets ulike funksjonar.

For å vise omfanget og nyansane i norsk friluftsliv har Bjørn Tordsson (2002), førsteamanuensis- og vegleiar i friluftsliv ved Høgskulen i Telemark, forsøkt å skissere 4 stikkord som er sentrale for å legge til rette for dei *funksjonane* som friluftsliv har i dag. Desse er dels viktige for å forstå kvifor- og korleis friluftslivet blir oppretthalde, men også for å forstå kvifor friluftsliv kan vere eit splittande fenomen:

- *Institusjonalisering*: Friluftslivet er blitt eit emne for politikk, forskning, planlegging og forvaltning. Friluftslivet har blitt samla i interessegrupper og organ som skal føre dei ovanfornemnte i rett retning. Dessverre stiller friluftslivet svakt i det politiske i forhold til idretten. Friluftslivet står riktig nok sterk i det norske kulturmønsteret, men for svakt i samfunnets institusjonar (Tordsson 2002).
- *Pedagogisering*: Friluftslivet er blitt ein metode og emne i så godt som alle skolefag, samt eit instrument innan helsevesen og sosialsektoren. Friluftslivet er vorten eit levebrød for mange, enten som ein del av skule og utdanning, eller som ein del av kommersiell drift. Derfor har også friluftslivet fått ein nødvendig profesjonalisering gjennom ulike skuler, kurs og sertifiseringar (Tordsson 2002).
- *Individualisering*: I vårt moderne og individualiserte samfunn er identitet og sjølvforståing noko ein i større grad må skape sjølv. Mangfaldet av måtar å dyrke friluftsliv på kan forståast som ein måte å forme ei sjølvforståing i vår tid (Tordsson 2002, Giddens 1990 og Odden 2008).
- *Kommersialisering*: Jmf Bauman (2007) er vi alle konsumentar på utkikk etter heile tida å bli tilfredsstilt. Også friluftslivet er blitt gjenstand for *standardisering* og *akselerasjon* (Eriksen 2008). Den moderne konsumeringskulturen gjer til at vi no blir tilbydd ferdigproduserte livsstilspakker og identitetar som ekspert-systema pressar på oss. Også som ein del av den passive underhaldningsbransjen og aktive turistnæringa får vi servert ferdig standardiserte friluftslivsprogram som alle hevdar sin rett til å kalle det dei driv med for *friluftsliv*.

Desse 4 stikkorda viser ei forenkla oversikt over kva funksjonar friluftslivet har i Noreg idag, og det gjev også ein peikepinn på *kvifor* friluftsliv kan vere eit splittande fenomen. På alle desse fire områda vil det vere ulike diskursar om kva friluftsliv skal vere, korleis det skal utøvast og kva som skal vere rådande verdisett. Alle hevdar dei sin rett til å kalle det dei driv med for friluftsliv, enten det er ein telt-tur i skuletida, eller er ein kommersiell ekspedisjon til Nordpolen med Børge Ousland som ledsagar. Bjørn Tordsson (2010; 94) skriv at «*Hvert sosiale fenomen eksisterer fordi det yter noe til samfunnets helhet*». Alle desse formene innanfor fenomenet friluftsliv er tross alt viktige for *nokon*. Ellers hadde dei ikkje blitt oppretthalde.

Friluftsliv som fellesskap.

For å sjå kvifor friluftsliv kan vere ein fellesskaps-markør vil eg fyrst gå litt djupare inn i kva som kjenneteiknar det moderne samfunnet vi lev i.

Dagens samfunn karakteriserast av ein stadig globalisering som gjer at vi får verda «tettare» inn på oss. Dei teknologiske framskritta som har skjedd med- og i etterkant av den industrielle revolusjonen har ført til at vi får ei *utleiring* av faktorane *tid* og *rom*. Desse er ikkje lenger like relevante som dei var (Giddens 1990) og vi får dermed eit stadig meir effektivt og *mobilt* samfunn (Eriksen 2008). På grunn av internett og mobiltelefonar har vi moglegheit til å kommunisere med heile verda, frå heile verda. Vi får pressa på oss impulsar frå andre delar av verda i eit voksende tempo, og vi kan påverke menneskjer vi ikkje har nokon direkte relasjon til ved å gjere små grep her heime (Eriksen 2008).

Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen nyttar i boka si *Globalisering* (2008) omgrepa *frakobling* og *tilbakekobling* om delar av globaliseringa i verda. Eg vil i det neste avsnittet vise kva som er meint med omgrepet *frakobling*. Seinare vil eg diskutere friluftsliv som ein *tilbakekoblingsmekanisme*.

Frakobling, eller *disembedding* (utleiring) som Giddens (1990) kallar det tar for seg virkningar globaliseringa og samtida får på det sosiale liv og samfunnets organisering. Frakobling kan sjåast på som dei prosessane som *relativiserar tid og rom*, samtidig som det peikar på det stadig meir abstrakte og standardiserte ved til dømes kommunikasjon, samhandling og *ting* (Eriksen 2008). Frakoblinga byrja i det små med skrivekunsten som gjorde til at utsagn kunne skiljast frå den ytrande og nyttast uavhengig av tid og stad for ytringa. Vidare forandra den industrielle revolusjonen arbeidsmåte og levemåte: For eksempel blei arbeidarane *frakobla* resultatet av arbeidet gjennom overgangen til samleband-verksemd kor ein berre jobba med *delar* av totalproduktet. Dette i motsetnad til bønder som var deltakande i heile arbeidsprosessen. Det blei dermed ein gradvis overgang frå det *konkrete* til *det abstrakte* då vi fekk ei nedbryting av den mellommenneskelige kontakten samt det lokalt produserte til fordel for det institusjonelle og globale (Eriksen 2008). På grunn av ei omstrukturering av utdanning- og arbeidsliv dei siste 50 åra har vi også fått ei utleiring av dei *nære relasjonane* (Bauman 2000). Oppgåver og aktivitetar

som før hørde familien og dei næraste til har vi no flytta ut av familieinstitusjonen. Dette har ført til ei effektivisering av tida vår. F.eks er store delar av oppdraging og sosialisering lagt over på utdanningsinstitusjonane og mindre på den nære familien. Fritida er blitt eit organisatorisk mareritt for mange småbarnsforeldre når den ikkje lenger foregår i bakgården eller på løkka, men i eit stadig meir kapitalkrevjande miljø og i lengre og lengre avstand frå heimen (Bauman 2000). Som Giddens (1990) nemner har vi fått ei utleiring av dei sosiale systema: Profesjonalisering og fagleg ekspertise organiserar og infiltrerar store delar av dei omgjevnadene vi rører oss i til dagleg, noko som gjer til at vi stadig må ta val som går på kven av desse *ekspertsystema* vi skal vende oss til og tru på. På grunn av ei stadig *standardisering* av element i samfunnet (Eriksen 2008) er vi nøtt til å forholde oss til desse ekspertsystema då det er mykje vi ikkje lenger *kan*, eller har tid til å gjere sjølv. Det blir dermed i større grad enn før opp til kvar enkelt å forme sin eigen tilvære og plass i samfunnet.

Giddens (1990) skriv at ein sentral del av det refleksive moderne mennesket er å konstruere sin eigen identitet, basert på dei *moglegheitsstrukturane* som allereie eksisterar. Desse moglegheitsstrukturane er basert på kva som ligg tilgjengeleg rundt ein person med tanke på miljø, tid og status, og vil vere med å mogleggjere eller avgrense handlingsval (Giddens 1984). Der yrke, status og identitet før var gjeven ut frå kva som var yrke og status til foreldra er det no i større grad opp til kvar enkelt å plukke utdanning, bustad, hobbyar og klesstil. Dette blir eit refleksivt prosjekt, kor ein stadig må ta slutningar som går på sin eigen tilvære. I følge Giddens (1990: 108) må kvar enkelt «.. *finde sin identitet blandt de strategier og muligheder, der gives af abstrakte systemer*».

Friluftslivet har og vorten ei rettesnor for den refleksive identitetsskapningen og sjølvrealisering. Odden (2004: 19) skriv om dette at: «*En kan for eksempel velge å drive med friluftslivsaktiviteter som fungerer som et uttrykk for hvordan man vil framstå for sine omgivelser*». Ein kan dermed nytte friluftslivet, friluftskulturen og dei trendane dette fører med seg til å skape ein identitet, eller for å realisere seg sjølv. Det er spesielt dei *moderne* friluftslivsaktivitetane som klatring, frikjøring, jibbing, osv som får ein slik identitetsfunksjon då det særleg er ungdom og unge vaksne som vert trekt mot slike aktivitetar (Odden 2008). Eksempel på korleis friluftslivskulturen skaper trender, og dermed identitet, kan vi hente frå dei store kles-merka, nettforuma og

magasina som har sitt marked innanfor friluftsliv, til dømes Norrøna, Bergans, FriFlyt, ut.no, osv. Arenaer der friluftsliv vert utøvd, samt dei motane og trendane som friluftsliv- og friluftsliv-aktivitetane fører med seg skapar ein kultur og ei form for tilhøyre. Aktivitetane blir så vald av kvar einskild ut frå deira preferansar og interesser, og som eit resultat av habitus (Bourdieu 1995) eller moglegheitsstrukturar (Giddens 1984). Men slik desse blir presentert er ikkje friluftsliv-stilen noko ein berre skal ikle seg på fritida når ein faktisk er *ute* i friluft, men vere ein *kles-* og *væremåte* som viser ovanfor *andre* at ein har ein aktiv og sunn livsstil, - heile tida. Dette blir eit av paradoksa innanfor friluftsliv som idè, då heile friluftsliv-industrien er med å *frakoble* mote og individ frå sjølve konseptet og *aktiviteten* friluftsliv. Det er hjå mange vorte større fokus på å ha eit friluftsliv-*image* enn å *drive* med friluftsliv. Nettopp på grunn av dette både *er-* og skapar friluftslivet eit større eller mindre fellesskap.

Friluftsliv som ei kulturell tilbakekoblingsmekanisme.

Friluftslivet idag blir av mange sett på som eit botemiddel mot det «usunne» samfunnet vi lev i (Odden 2008). Vi kan lese i Odden (2008) at utøvinga av friluftsliv *kan* sjåast som eit svar på den opplevde tynginga frå verda rundt oss og vår tilvære i det moderne samfunnet. Vi søker dermed ut i naturen for å kome vekk frå ein stressande og krevjande kvardag. Fleire nyttar også friluftslivet som ein medisin mot overvekt og psykiske lidingar. Odden legg likevel vekt på at friluftsliv ikkje må sjåast på som det einaste botemiddelet mot eventuelle manglar eller lyter i den einskildes livssituasjon, men at det for mange *er* eit alternativ. Gjengs for Ola- og Kari Nordmann er at friluftsliv er eit aktuelt handlingsval enten ein skal kompensere for ein dårleg kvardag, eller for å gjere ein god dag endå betre.

Det som Odden her skildrar som eit «usunt» samfunn kan samanliknast med kva Eriksen kallar for eit *frakobla* samfunn. Eriksen nemner med det at ei frakobling alltid blir møtt med ei tilbakekobling. Slik eg ser det gjennom Odden og Eriksen, kan friluftsliv sjåast på som ein måte å kople seg kulturelt tilbake frå eit frakobla urbant samfunn. Her nemner Eriksen (2008; 171) at:

«jo mer abstrakt makten, kildene til personlig identitet, medieflyten og varene på markedet blir, desto større blir det opplevde behovet for å styrke og stundom gjenskape (eller endog finne opp) lokale grunnlag for politisk handling og personlig identitet»

Dersom vi då ser på *nordmenn* som med ei felles forståing vil vi kunne seie at nordmenn til ein viss grad nyttar friluftslivet og dets trender for å kople seg tilbake frå dei globale og *frakobla* trendene, og for å skape ein særeigen identitet og sjølvforståing. Nina Witoszek (1998: 168), professor ved Universitetet i Oslos senter for utvikling og miljø, nyttar omgrepet *memer* om ei slik kollektiv forståing og folkesjel for det sær-norske: «*Memene er elementer i forestillingsverden som rommer sosial erindring, som bevarer og viderebringer felles identitet og felles kriser gjennom tidene*». Witoszek meiner at slike *memer* er med og definerer det nasjonale fellesskapets forankring. Desse *memene* overførast frå generasjon til generasjon gjennom dei ulike sosialiseringssjessane. Witoszek peikar på at dei norske *memene* er basert på kollektive symbol, forteljingar og forestillingar, kor det vesentlige i det å vere *norsk* var «*den veldige Naturen med bønder og fiskere strevende i forgrunnen*». Witoszek viser også til den kulturelle eliten som på 1800-talet var med å prege identitetsskapinga i lausrivingsprosessen frå Sverige og Danmark. Det blei i deira kunstverk fokusert på nasjonalromantiske bilete av frodig norsk natur, dikt og segn kor handlinga blei lagt til høge tindar, strake vidder eller vestlandske fjordar. Lite vitna om ei anerkjenning av storbyane og det urbane som ein del av den norske identiteten (Witoszek 1998). Dette kan vere grunnlaget for at det framleis finns idèar om natur som «det ekte» og det urbane som «uekte», og at naturen dermed blir nytta for tilbakekobling (Odden 2008).

Reportasja *De nye bygdeoriginalene* i fredags-magasinet D2, datert 21.januar 2011 viser eit eksempel på nettopp dette; menneske som nyttar naturen som ei tilbakekoblingsmekanisme. Reportasja tek for seg ei rekke yngre menneske som velgjer å flytte til avsidesliggande plassar for å dyrke naturen og friluftsiressa. Fleire av desse «bohemane» er høgt utdanna menneske med gode jobbar, men ser på moglegheita for friluftsliv og avkopling som viktigare enn kaffebarar og karriere-jag. Dei er i arbeid, men bruker tidsmessig og økonomisk overskot på å dyrke friluftslivet. Dette kan minne litt om dei engelske lordane som også på sin måte var i arbeid men som nytta sitt overskot til å kome seg vekk frå den travle bykjernen og ut i fjellheimen. Dette er dermed *idear* som ikkje er nye, men som har vore med oss dei siste 100 åra; Polfarar og friluftsmann Fridtjof Nansen skreiv i ei friluftstale i 1921 at:

«Det som skulle gi oss erstatning og føre oss tilbake til en mer menneskelig tilværelse, er og blir nå engang det enkle liv i naturen, skog og mark og fjell, på de store vidder, i

den store ensomhet, hvor helt nye og større tanker strømmer inn på en og setter merker som ikke så hurtig utviskes igjen.»

(Nansen 1921: 1)

Det er tydeligvis noko sær-norskt over denne idèen om å gje slepp på alt det vante og urbane for å leve tett innpå naturen. Eit av *vår* tids beste eksempel på denne sær-norske typen kan vere Lars Monsen, som gjennom heile livet har vore ein friluftsmann. Monsen vaks opp i Oslo og er utdanna lærar, men nyttar likevel meir tid ute i naturen enn heime i si eiga stove og kan dermed bli sett på som eit ansikt ut ad for folk som nyttar friluftslivet som ei tilbakekoblingsmekanisme. Ein kan også samanlikne Lars Monsen med Askeladden-figuren i dei norske folke-eventyra som *og* er ein av *memene* Witoszek presenterar som arketypisk for Noreg som samfunn; ein enkel og kreativ, frittalande og sjølvrådande person som til slutt vinn både prinsessa og halve kongeriket. Det kan på visse punkt også seiast om Lars Monsen, då han *også* har vunne hjarte til store delar av Noreg og vorten vår tids idè og eksempel på at ein *kan* leva på grunnlag av det ein finn i naturen. Samtidig er det ein peikepinn på kva moglegheitsstrukturar (Giddens 1984) som eksisterar når ein i dagens samfunn kan bryte med dei ”tradisjonelle” arbeidsmønstra og flytte til utkantane, eller leve som fulltids friluftsmann.

Likevel, alle kan ikkje vere like «ekstreme» som desse. Sjølv om vi nordmenn er i ei særstilling med tanke på nærleik til natur har forskning vist at den gjennomsnittlege nordmann vel å nytte friluftsliv som ei fritidsinteresse for å lade batteria 1-2 helger i året (Odden 2008). Sjølv om mange nordmenn ut ad forsøker å vere friluftsmenneske er dette i større grad delar av ein trend og eit motebilete enn ein livsstil. Det som derimot gjer friluftsliv til eit *samlende* fellesskap i Noreg er idèen om at natur *er* sunt, og at det er noko rot-norsk over det å vere *i* naturen. Som vist er dette noko vi nærmast får inkorporert i oss, gjennom dokument frå styringsmaktene, læreplanar, media, moter, og ikkje minst sosialiseringssprosessane. Dermed vekkar slike programseriar som *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* og *Farmen* ei fellesskaps-kjensle og ein nasjonalisme hjå oss nordmenn. Vi nikkar anerkjennande til dei som vel å nytte fritida si ute i naturen og tenkjer at dette er noko av det som høyrer med til den norske identiteten.

Kort drøfting av Giddens og Bourdieus teoriar.

Eg har tidlegare vist at friluftsliv kan nyttast som ei kjelde til identitetsforming og at ulike klasser velgjer ulike tilnærmingar til friluftsliv. Slik eg har presentert Bourdieu sitt klasseperspektiv har tilnærminga til friluftsliv i hovudsak gått på habitus. Andre stader i teksten har eg nytta Giddens teori om eit refleksivt menneske som i større grad må velje identitet og tilvære sjølv. Desse representerar dermed to ulike sosiologiske perspektiv, kor Giddens representerar eit konstruktivistisk perspektiv basert på ein strid om kor vidt *aktørane* påverkar og konstituerar systemet og *strukturane* i samfunnet, eller omvendt. Giddens meiner at strukturane er *medium* for all handling, og at desse må reproduserast for at aktørane skal handle (Giddens 1984). Bourdieu representerar eit interaksjonistisk perspektiv kor dei ulike klassene forsøker å vise maktforhold basert på tilgang på kapital, og definere seg sjølv basert på kva den motstridande klassa definerar seg som (Martinussen 2001). Tilnærminga til friluftsliv vil dermed, ut frå Giddens, vere eit forsøk på danning av identitet basert på moglegheitsstrukturar i samfunnet, medan gjennom Bourdieu vil det vere eit resultat av habitus for å skape sosiale markørar og distinksjonsmessige skiller mellom klassane. Moglegheitsstrukturane Giddens oppererar med, vil vere forskjellig avhengig av eins sosiale kapital, og dei vil både mogleggjere og avgrense eins handlingsval. Der eg har presentert at ei klasse vel type friluftsliv basert på habitus og preferansar vil ein med Giddens auge sjå at dei vel friluftsliv basert på kva dei tidlegare har erfart som *mogleg*, og derfor framleis ser på som *rådane* strukturar. Karl Marx kalla dette for *strukturell tvang*; det vil seie at ein ikkje kan velje å vrake mellom alle samfunnets strukturar, men mellom dei strukturane som ligg tilgjengeleg for kvar enkelt ut frå miljø og tid (Martinussen 2001). Likevel må ein ikkje sjå på moglegheitsstrukturane eine og aleine som avgrensande, som Marx og Bourdieu til tider gjer, men også som skapande i positiv forstand. Sjølv om desse er to motståande perspektiv inneheld dei likevel delar av det same; Ein kan i Giddens teori ikkje utelukke Bourdieu sitt habitus-omgrep, då dette vil vere eit resultat av dei nemnte strukturane. Giddens sin strukturasjons-teori vil dermed vere høgst relevant for val av friluftsliv. Dette då strukturane presenterar aktørane for friluftsliv-aktivitetar og trender, samt at aktørane utviklar nye trender og presenterar for strukturane. Felles for Giddens og Bourdieu sine teoriar vil då vere at val av friluftsliv-aktivitetar fortsatt vil kunne virke reproduserande på sosiale skilnader og dermed vere med å konstituere dei sosiale skilnadane på grunn av moglegheitsstrukturane som ligg til rette for kvar enkelt aktør (Giddens 1984).

Oppsummering og avslutning.

Eg har gjennom denne oppgåva tatt for meg kva verdiar som dominerar og stør opp om dagens friluftsliv i Noreg. Eg har vist til historie om korleis den norske friluftskulturen har oppstått for så og trekke parallellar til friluftsliv i dag. Eg har vidare diskutert kor vidt friluftsliv fungerer som eit splittande eller samlande fenomen, samt smått diskutert Giddens strukturasjonsteori opp mot Bourdieus kapital og habitus- omgrep. Eg vil no kome med oppsummerande og avsluttande ord:

Kan vi konkret seie at friluftslivet er enten splittande eller samlande?

Mine forståingar av området er at friluftsliv fyrst og fremst verkar kulturelt samlande. Friluftsliv som paraply-omgrep for all aktivitet som foregår i naturen er eit omgrep som ofte er positivt ladd. Vidare kan vi sjå at friluftsliv som fenomen skaper ei referanseramme uavhengig av geografisk eller sosial tilhøyre, det er eit fenomen som skaper relasjonar. Om ein kjem i prat med ein ukjent person om friluftsliv vil ein uavhengig av om ein driv med dei same friluftsliv-aktivitetane kunne slå fast at det er godt å kome ut i naturen og få brukt kroppen, få nye sansestimuli og nye opplevingar. Det er med andre ord ein kollektiv norsk verdi at naturen er god for oss, uavhengig av om ein nyttar ho for å fiske eller for å stå på ski. Men, dersom ein går djupare inn i friluftsliv-omgrepet og inn på kvar friluftsliv-aktivitet vil ein sjå splittinga. Ein som driv med tradisjonell jakt og fiske vil muligens sjå med skepsis på BASE-hopparar som flyg tett innpå tretoppar og som av og til må reddast ut med helikopter. På same måte vil ein BASE-hoppar kunne finne jakt og fiske som ein litt for lite spennings-stimulerande aktivitet. På kvar si side vil desse to muligens ha vanskar for å definere den aktiviteten den motståande personen driv med som friluftsliv ut frå si eiga referanseramme, noko som i det heile bunnar ut i ein diskusjon om klassetilhøyre, habitus, og moglegheitsstrukturar.

Kva for verdiar dominerar og stør opp om dagens friluftsliv i Noreg?

Eg meiner den norske politikken gjenspeglar den sær-norske idèen om friluftsliv, samstundes som han tek opp i seg dei ulike nyansane av verdisett og idèar frå folket. Likevel er det ein tendens til at den politikken som blir ført er eit resultat av at dei som sit med makta i dei ulike institusjonane som oftast er menneske frå middelklassa. Verdiane blir ofte deretter. Dette ser vi gjennom dei ulike dokumenta frå styringsmaktene. Gjennom dokumenta LK06 og Stortingsmelding 39 har eg vist to dømer på korleis styringsmaktene kan vere med å legge

føringar for norske friluftsliv-vaner og verdiar: 1) Stortingsmelding 39 er ei generell melding om friluftsliv, men med undertittelen *Ein veg til høgare livskvalitet* legg ho likevel til rette for ein idè om at friluftsliv fyrst og fremst må sjåast i eit folkehelseperspektiv kor livskvalitet er eit viktig moment. 2) LK06 er eit meir spesifikt dokument som gjev føringar for *kvifor* friluftsliv skal nyttast i opplæringa og *kva* som skal vektleggast av verdi. Her blir det vist til at elevane skal sitje igjen med kunnskap, forståing og opplevingar som gjer at dei skal kunne nytte naturen til noko positivt også etter enda utdanning. LK06 viser til verdiar som er typiske for middelklassa, medan Stortingsmelding 39 ikkje framhevar nokon type aktivitet eller verdiar som *betre* eller *dårlegare*, den berre viser til kva status er innanfor friluftslivets aktivitetar uavhengig av sosial og geografisk tilhøyre.

Vi kan så sjå at *verdiane* innanfor friluftsliv for det meste er lik for nordmenn uansett klasse. *Idèane* om kva friluftslivet skal innehalde er derimot ulik frå samfunn til samfunn, og klasse til klasse. Dette må sjåast i samanheng med geografisk og sosialt tilhøyre.

For å oppsummere kan vi seie at dei verdiane som *dominerar* i dagens friluftsliv i Noreg stort sett er verdiane som blir satt av middelklassa. I spørsmålet om kva verdiar og idèar som *stør opp* om dagens friluftsliv i Noreg må det leggast til grunn at *all* friluftsliv-aktivitet som blir utført vil vere med å *stø opp* om dagens friluftsliv. Dermed kan ein ikkje seie at *nokon* sine preferansar innanfor friluftsliv-aktivitetar er *viktigare* enn andre. Eg viser igjen til Bjørn Tordssons sitat om at «*Hvert sosiale fenomen eksisterer fordi det yter noe til samfunnets helhet*» (Tordsson 2010; 94). Dei verdiane som *stør opp* og opprettheld dagens friluftsliv vil dermed vere ein sum av både arbeidarklasse og middelklassa sine friluftsliv-verdiar.

Litteratur:

Bauman, Zygmunt (2000) *Savnet fellesskap*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag

Bauman, Zygmunt (2007) *Consuming Life*. Cambridge: Polity Press

Bourdieu, Pierre (1995) *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag
A/S

Breivik, Gunnar (1979) *To tradisjoner i Norsk Friluftsliv*. NIH kompendie

Eriksen, Thomas Hylland (2008) *Globalisering. Åtte nøkkelbegreper*. Oslo: Universitetsforlaget

Giddens, Anthony (1984) *The Constitution of Society: Outline of the Theory of Structuration*.
Cambridge: Polity Press

Giddens, Anthony (1990) *Modernitetens konsekvenser*. (Dansk utgave) København: Hans
Reitzels Forlag

Nansen, Fridtjof (1921) *Friluftsliv*. Nansens Røst, bind 2. Dybwad forlag, utgitt 1943

Martinussen, Willy (2001) *Samfunnsliv. Innføring i sosiologiske tenkemåter*. Oslo:
Universitetsforlaget

Odden, Alf (2004) *Friluftsliv og ungdom – tradisjon og trender*. Innlegg på landskonferanse
friluftsliv Tromsø. HIT

Odden, Alf (2008) *Hva skjer med norsk friluftsliv? En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv
1970-2004*. NTNU

Rønningen, Sigurd S (2011) *De nye bygdeoriginalene*. Dagens Næringsliv D2, 21.01.2011

Tordsson, Bjørn (2002) *Friluftslivet og de store sosiale prosjektene*. Innlegg på FRIFO seminar 2002

Tordsson, Bjørn (2010) *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Witoszek, Nina (1998) *Norske naturmytologier. Fra Edda til økofilosofi*. Oslo: Pax Forlag A/S

Nettressursar:

http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=127

[Sett 09.03.2011, 12:54]

Aas, Øystein og Karine Herzberg (2001) *Stortingsmelding 40 (1986 – 87) om friluftsliv – hvorfor kom den og hva førte den egentlig til?* Norsk Institutt for Naturforskning

<http://www.utmark.org/utgivelser/pub/2001-2/art/Aas-og-Hertzberg-utmark-2-2001.htm>

[Sett 05.04.2011, 12:31]

Faarlund, Nils (1973) *Hva mener vi med friluftsliv. Om nødvendigheten av en grenseoppgang*. Mestre Fjellet nr. 15, 1973.

http://naturliv.no/faarlund/artikler/Hva_mener_vi_med_friluftsliv.htm

[Sett 05.04.2011, 22:04]

Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet*.

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/md/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20002001/stmeld-nr-39-2000-2001-/1.html?id=194964>

[Sett 08.04.2011, 11:02]

Kunnskapsløftet, Generell del (LK06)

http://www.udir.no/upload/larerplaner/generell_del/Generell_del_Lareplan_nynorsk.pdf

[Sett 13.04.2011, 12:07]

Sosial og Helsedirektoratet (2005) *Sosial og Helsedirektoratets handlingsplan mot sosiale ulikheter i helse; Gradientutfordringen*.

http://www.helsedirektoratet.no/vp/multimedia/archive/00001/IS-1229_1729a.pdf

[Sett 27.04.2011, 10:49]

Sjøløkken, Lars (2010) *Friluftsliv og klasse. En kvantitativ undersøkelse av Osloungdoms deltakelse i friluftslivsaktiviteter*. Masteroppgave i sosiologi, Universitetet i Oslo.

<http://www.duo.uio.no/publ/iss/2010/103928/Sjoeloekken.pdf>

[Sett 27.04.2011, 11:11]

Sjølvt-valt pensum:

Bourdieu, Pierre (1995) *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag A/S

Odden, Alf (2008) *Hva skjer med norsk friluftsliv? En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004*. NTNU

Tordsson, Bjørn (2010) *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Sjøløkken, Lars (2010) *Friluftsliv og klasse. En kvantitativ undersøkelse av Osloungdoms deltakelse i friluftslivsaktiviteter*. Masteroppgave i sosiologi, Universitetet i Oslo.

<http://www.duo.uio.no/publ/iss/2010/103928/Sjoeloekken.pdf>

[Sett 27.04.2011, 11:11]